



VEDTEKTER

MED INNKOMNE FORSLAG

REVIDERT 28.03



RØDTS VEDTEKTER

Sist revidert på 31. mai 2015

§ 1 Namn og formål

1. Partiet heiter Rødt/Raudt. Det samiske namnet er Ruoksat.
2. Raudt driv politisk arbeid på grunnlag av partiet sine program og vedtekter.

§ 2 Medlemene sine rettar og plikter

1. Alle som godtar programmet og vedtektene til Raudt og som betaler kontingenten, vert medlem i partiet.
2. Eit nytt medlem har rett til å få ei innføring i kva partiet står for (program, vedtekter og partiarbeidet).
3. Ein må ha vore medlem i tre veker før ein får røysterett på årsmøte og nominasjonsmøter og før ein kan røyste ved val av delegatar til slike møter og/eller til landsmøtet i partiet.
4. Medlemene har rett til – gjennom ein grunnorganisasjon – å delta ved val av delegatar til årsmøte og landsmøte og til sjølv å vere delegat. Ingen kan binde korleis eit partimedlem skal røyste.
5. Medlemene har rett til å anke vedtak frå eit organ til eit høgare organ.
6. Medlemene har rett til å få rapportar om arbeidet til partileiinga og om utviklinga i partiet som heile.
7. Partiet skal leggje til rette for at medlemene kan arbeide aktivt i lag. Medlemene bør om mogleg delta i lagsarbeidet.
8. Medlem i Raudt kan ikkje samtidig vera medlem i anna norsk politisk parti.
9. Medlem i Raudt kan ikkje tilhøyra politisk forening/organisasjon som motarbeider Raudt.

§ 3 Kontingent

1. Landsmøtet fastset kor høg kontingenten er. Satsane skal graderast etter inntekt. Medlemene vert oppfordra til å betale meir enn sats.
2. For å ha røysterett på møte i partiet og for å kunne veljast til verv i partiet eller som delegat til årsmøte eller landsmøte, må ein ha betalt kontingent det aktuelle året. Landsstyret fastset elles reglar for innbetaling av kontingent og kva verknad manglande innbetaling har på medlemsrettane.
3. Minst halvdelen av kontingenten skal tilfalle grunn- og fylkesorganisasjonane.

§ 4 Organisasjonsprinsipp

1. Raudt skal vere ein open organisasjon prega av gjensidig respekt, der usemje vert verdsett og politikk vert utvikla i eit arbeidsfellesskap. Lag og medlemmer skal gjere usemjer kjent i partiet for slik å bidra til politisk utvikling og eit reelt partidemokrati.
2. Leiinga på alle nivå har eit særskilt ansvar for at mindretalssyn vert kjent og reelt handsama i partiet.
3. Ved usemje om kva standpunkt partiet skal ta i saker som er til handsaming i folkevalde organ, avgjer partistyret på det aktuelle nivået. Dei folkevalde representantane har rett til å delta i drøftingane.
4. Om ei sak gjelde til dømes to kommunar, skal partiorganisasjonen bå stader samrå seg og freiste å kome til eit sams standpunkt.

§ 5 Grunnorganisasjon

1. Laget er den viktigaste eininga i partiorganisasjonen. Laga gjer det konkrete politiske arbeidet, diskuterer og utviklar ny politikk og vel representantar til øvrige organ i partiet.
2. Lag kan organiserast rundt bustad, arbeidsstad, bransje eller interessefelt. Alle medlemmer tilhøyrer eit lag. Ein medlem kan berre ha medlemsrettar i eitt lag som har rett til å velje delegatar.
3. Fylkesstyret godkjenner nye lag. Der det ikkje finst fylkesstyre, godkjenner landsstyret nye lag. Tvist om slik avgjerd kan ankast inn for landsstyret og/eller landsmøtet.
4. Eit lag skal ha styre med minst leiar og økonomiansvarleg. Fylkesstyret/landsstyret kan gjere unntak frå dette.
5. Berre lag kan velje delegatar til årsmøte i høgare organ og til landsmøte. For å ha rett til å velje delegatar, må laget ha minst tre medlemmer. To eller fleire lag i geografisk nærhet kan velje å gå saman om å velje delegatar

§ 6 Kommuneorganisasjon

1. I kommunar med berre eit lag er dette laget kommuneorganisasjon etter vallova.
2. I kommunar med fleire lag skal det vere eit styre som koordinerer arbeidet. Om det høver best, kan eit slikt samordningsstyre dekke fleire kommunar. Dette styret representerer partiet i kommunen etter vallova. Styret kan bestå av representantar frå lagsstyra, eller det kan veljast på møte av delegatar frå laga eller på felles medlemsmøte (årsmøte) for heile kommunen. Valmåten vert fastset i lokal vedtekt. Vedtekten vert første gong fastsett på felles medlemsmøte.
3. Det skal vere minst eitt felles medlemsmøte i kommunen kvart år.
4. I kommunar med val til bydelsutval gjeld pkt. 2 tilsvarende på bydelsnivå dersom det er fleire lag i bydelen.

§ 7 Fylkesorganisasjon

1. Det skal om mogleg opprettast fylkesstyre i alle fylke. Fylkesstyret skal minst bestå av leiar, nestleiar og økonomiansvarleg. Leiar eller nestleiar skal vere kvinne. Fylkesstyret representerer partiet i fylket etter vallova.
2. Om det ikkje er lag i eit fylke, kan fylkesorganisasjonen vere grunnorganisasjon også.
3. Landsstyret godkjenner oppretting av fylkesorganisasjon. Tvist om slik avgjerd kan ankast inn for landsmøtet.
4. Landsstyret kan godkjenne oppretting av ei samisk avdeling av Raudt, og avgjer om dette skal vere grunnorganisasjon eller fylkesorganisasjon eller organiserast på anna vis.

§ 8 Årsmøte

1. Årsmøte i lag skal vere kvart år innan utgangen av februar. Det skal minst handsame styret si årsmelding, rekneskap og velje styre. Det skal minst handsame styret si årsmelding, rekneskap og årsplan og velje styre. Årsmøtet skal varslast seinast ein måned før, og sakspapira skal vere hos medlemene seinast ei veke før.
2. Årsmøte i fylkesorganisasjonane skal vere kvart år innan utgangen av mars. Til fylkesårsmøte vel laga delegatar etter medlemstal. Anna ordning kan fastsetjast i lokal vedtekt. Dato for årsmøtet og delegatnøkkelen vert fastset av fylkesstyret og skal gjerast kjent minst åtte veker før. Lag kan anke delegatnøkkelen inn for partileiinga innan to veker etter kunngjeringa. Sakspapir til fylkesårsmøte skal vere hos laga seinast to veker før møtet. Årsmøte skal minst handsame styret si årsmelding, revidert rekneskap, framlegg til årsplan og velje styre.
3. Oslo er å rekne som fylke i samband med desse reglane.
4. Ekstraordinært årsmøte i eit lag skal haldast om ein tredel av medlemene eller ein tredel av styret krev det. Ekstraordinært årsmøte i eit fylke skal haldast om ein tredel av laga eller ein tredel av styret krev det.

§ 9 Landsmøtet

1. Landsmøtet er det høgste organet i Raudt. Det skal haldast innan utgangen av mai minst annakvart år.
2. Innkalling, framlegg til dagsorden, delegatnøkkel og oversyn over forslagsfrister for landsmøtet skal vere ute i laga minst 12 veker før møtet. Sakspapir irekna alle innsendte framlegg skal vere sendt delegatane seinast tre veker før landsmøtet.
3. Landsmøtet skal minst handsame melding og reviderte rekneskap for perioden og handlingsplan og retningsliner for budsjett for komande periode. Landsmøtet skal vidare velje partileiar, nestleiar(ar), partisekretær, økonomiansvarleg, fagleg leiar, landsstyre og sentralstyre, samt revisor(ar). Funksjonane som er valde direkte på landsmøtet, med unntak av revisor, utgjer den partiets arbeidsutval. Leiaren i ungdomsorganisasjonen har møterett med røysterett i partiets arbeidsutval.
4. For at eit lag skal kunne sende delegatar på landsmøtet, må det vere oppretta og godkjent innan 31. desember året før. Lag godkjent seinare skal få sende observatør til møtet.
5. Landsstyret vedtar delegatnøkkel. Medlemstalet 1. januar i landsmøteåret ligg til grunn. Alle lag som har tre medlemmer eller meir denne datoen, skal ha minst ein delegat.
6. Delegatane vert valt med alminneleg fleirtal på lagsmøte (evt felles lagsmøte for fleire lag), der datoen er varsla minst tre veker før.
7. Berre valte delegatar har røysterett på landsmøtet. Landstyret har tale- og forslagsrett.

8. Ekstraordinært landsmøte skal haldast når ein tredel av laga krev det eller når fylkesorganisasjonar/lag som representerer minst ein tredel av medlemene, krev det.

§ 10 Landsstyret

1. Landsstyret leiar arbeidet mellom landsmøta innanfor rammer som går fram av vedtekter, program og landsmøtevedtak.
2. I landsstyret skal ein freiste å få ein så brei geografisk representasjon som mogleg. Minst ein av medlemene skal ha samisk bakgrunn. Leiaren i ungdomsorganisasjonen og ein til utpeikt av denne har fast plass i landsstyret med røysterett. Desse må vere medlemmer i partiet.
3. Landsstyret skal møtast minst tre gonger i året. Minst halvparten av medlemmane i landsstyret må vera til stades for at eit LS-møte skal vere vedtaksdyktig. Vedtak i landsstyret kan ankast inn for landsmøtet.
4. Landsmøtet vel eit sentralstyre blant medlemene i landsstyret. Når landsstyret ikkje er samla, er sentralstyret det høgste organet i Raudt. Sentralstyret leiar det daglege arbeidet til organisasjonen i tråd med retningslinjer frå landsmøtet og landsstyret. Leiaren i ungdomsorganisasjonen møter fast i sentralstyret med røysterett. Sentralstyret er hovudstyre i Raudt. Minst halvparten av medlemmane i sentralstyret må vera til stades for at eit sentralstyremøte skal vere vedtaksdyktig.
5. Landsstyret kan oppnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt.

§ 11 Nominasjonar

1. Når det skal stillast lister ved val til kommunestyre, skal det haldast nominasjonsmøte med røysterett for alle medlemmer som er busett i kommunen. Nominasjonsmøtet kan delegere ferdigstilling av lista til styret i kommunen. Punktet gjeld også for stortings- og kommunevallista for Oslo.
2. Dersom det er direkte val til bydelsutval eller liknande, skal det gå fram av lokal vedtekt korleis nominasjonen skjer.
3. Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting, skjer nominasjon på årsmøtet i fylkespartiet. Ferdigstilling av lista kan delegerast til fylkesstyret.
4. Landsstyret fastsett reglar om nominasjon til sametingsvalet.

§ 12 Kvotering

1. I alle organ innanfor Raudt, ved val av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst 50 prosent kvinner. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne. Unntak frå dette kan gjerast ved vedtak i landsstyret eller andre organ landsstyret gir slik myndigheit til.
2. Ein skal freiste å ha ein høg arbeidrandel i alle organ.
3. I skriftleg tilfang frå partiet sentralt (papir og nett) skal ein freiste å ha ein høg nynorskandel. Landsstyret skal kvart år vurdere situasjonen på feltet og drøfte kva tiltak som trengst. Det skal finnast oppdatert informasjonsmaterieil på samisk.

§ 13 Disiplinærtiltak

Om ein medlem skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtektene, kan grunnorganisasjonen eller landsstyret sette i verk disiplinærtiltak. Desse er: åtvaring, tilbaketrekking frå verv, suspensjon eller eksklusjon. Vedtak om disiplinærtiltak skal vere skriftleg med grunngiving. Eksklusjon krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei stemmeberettiga på landsmøtet. Eksklusjon kan ankast til landsstyret og/eller landsmøtet.

§ 14 Rusmiddel

Møte i regi av Raudt skal vere rusgiftfrie.

§ 15 Økonomiske spørsmål

1. All offentleg partistønad til Raudt (gruppe-, representant- og røystestøtte, møtegodtgjersle m.m.) er Raudt sin kollektive eigeidom. Stønaden vert disponert av landsstyret til fordeling til lag, kommunar og fylke og til drift av Raudt sentralt. Medlemmer som får utbetalt godtgjersle, pliktar å sende denne over til Raudt etter retningslinjer vedtatt av landsstyret.

2. Raudt løner sine tilsette etter prinsippet om likeløn. Dette gjeld både kontortilsette og lønna tillitsvalde. Tilsette i Raudt har fri organisasjonsrett og kan krevje tariffavtale og pensjonsavtale.

§16 Ungdomsorganisasjonen

1. Raud Ungdom er ungdomsorganisasjonen til Raudt.
2. Raud Ungdom har rett på tre delegatar på Raudt sitt landsmøte. Desse må vere medlemmer i Raudt.
3. I distrikt og på felt der det finst parallell organisering, skal Raud Ungdom inviterast til samarbeid med Raudt. Der det finst lokalt eller fylkesvist ledd av ungdomsorganisasjonen, har dette rett til ein representant i tilsvarande lags-/fylkesstyre av Raudt.

§ 17 Oppløysing

1. Framlegg om å oppløyse Raudt eller slå partiet saman med ein annan organisasjon skal handsamast på to landsmøte med minst tre og høgst seks månaders mellomrom. Det første av desse skal vere eit ordinært landsmøte, og her krevst det 2/3 fleirtal for å gå vidare i prosessen. Det andre er eit ekstraordinært landsmøte. Dette stadfester eventuelt vedtaket om oppløysing eller samanslåing med alminneleg fleirtal. Samstundes vedtar dette landsmøtet kva som skal gjerast med partiet sin eigedom.
2. Framlegg om oppløysing kan berre kome frå organisasjonsledd i partiet eller landsstyret. Det må vere innkomen til partikontoret seinast 31. desember året før landsmøtet som først skal handsame det.
3. Fylkes- eller landsstyret kan oppløyse eller slå saman lag når det ikkje lenger er medlemsgrunnlag for å oppretthalde dei. Medlemene i laget har rett til å uttale seg på førehand. Fylkes- eller landsstyret vedtar også kva som skal gjerast med eigedomen til laget.

§ 18 Vedtekter og vedtak

1. Vedtak i Raudt sine organ skal skje med alminneleg fleirtal, om ikkje vedtekt seier noko anna. Om to framlegg får like mange røyster, er ingen av dei vedtatt. Alminnelig flertall er flertall av avgitte røyster, uten å telle med blanke eller avhaldende røyster.
2. Om det er ulike tolkingar av vedtektene, gjeld sentralstyret si forståing. Denne kan ankast inn for landsstyret, som skal handsame saka ved første høve. Om det trengst rask avklaring, kan telefonmøte eller liknande nyttast etter at alle partar har fått lagt fram sitt syn skriftleg. Landsstyret si avgjerd kan ankast inn for landsmøtet.
3. Vedtektene er juridisk bindande i tvistar som gjeld Raudt sin eigedom.
4. Desse vedtektene kan berre endrast på landsmøte. Endring krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei stemmeberettiga på landsmøtet. Frist for å fremme forslag til endring av vedtektene er fire veker før landsmøtet tar til. Landsmøtet kan berre gjere endringar som heng direkte saman med framlegg som er sendt ut på førehand. Om ikkje landsmøtet vedtar noko anna, trer vedtektsendring i kraft straks.
5. Lokale og regionale organisasjonsledd kan ha eigne vedtekter. Desse må ikkje bryte med dei sentrale vedtektene. Lokale vedtekter kan ankast inn for landsstyret.

INNKOMNE FORSLAG:

Forslagsnummer: V0100	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag:
Til Paragraf: § 2.3	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost:
<p>Forslaget:</p> <p>Flytt første ledd i § 3.2 til § 2.3 så alt som har med kontingent betaling og medlemsrettigheter står i samme paragraf. Ny paragraf 2.3. blir:</p> <p>2.3 Ein må ha vore medlem i tre veker, og må ha betalt kontingent det aktuelle året, før ein får røysterett på årsmøte og nominasjonsmøte og før ein kan røyste ved val av delegatar til slike møte og/eller til landsmøtet i partiet.</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V0200	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag:
Til Paragraf: § 3.1	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost:
<p>Forslaget:</p> <p>§ 3 Kontingent</p> <p>1. Landsstyret fastset kontingentsatsar og reglar for innbetaling og kva verknad manglande innbetaling har på medlemsrettane. Satsane skal graderast etter inntekt. Medlemmane vert oppfordra til å betale meir enn sats.</p> <p>(Innholdet i resterende Paragraf 3.2 er nå flyttet inn i Paragraf 3.1. Derfor blir Paragraf 3.3 til ny 3.2.)</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V0300	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Vedtektskomiteen
Til Paragraf: § 6.3 (NY)	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Tilleggsforslag	Epost: jokka@raudt.no
<p>Forslaget:</p> <p>Ny §6.3 (dei neste punkta nummererast om): Fylkesstyret kan utnemne ein kontaktperson i ein kommune utan grunnorganisasjon.</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V0400	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Vedtektskomiteen
Til Paragraf: § 7.1 (NY)	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Tilleggsforslag	Epost: jokke@raudt.no
<p>Forslaget:</p> <p>Ny §7.1 (dei neste punkta nummererast om): Fylkesstyret skal koordinere lag og enkeltmedlemmer i fylket til felles handling og utvikling av politikk. Fylkesstyret skal følgje opp medlemmer som står utanfor lag, og bygge partiet i fylket.</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V0800	Forslagstiller: Ole Marcus Mærøe
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Rødt Tønsberg og omegn
Til Paragraf: § 8.1	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: maeroe@online.no
<p>Forslaget:</p> <p>1. setning endres til: Årsmøte i lag skal vere minst annakvart år innan utgangen av februar.</p>	
Komiteens innstilling: Avvises	

Forslagsnummer: V0900	Forslagstiller: Leidulf Husjord
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Landsstyret/Strinda
Til Paragraf: § 9	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: Leidulfmh@live.com
<p>Forslaget:</p> <p>Pkt 1. siste setning endres til "Det skal haldast minst annakvart år og i valgår senest 8 måneder før valgdagen."</p>	
Komiteens innstilling: Avvises	

Forslagsnummer: V1000	Forslagstiller: Vedtektskomteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Vedtektskomteen
Til Paragraf: § 11.3	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: jokke@raudt.no
<p>Forslaget:</p> <p>I dagens vedtekter:</p> <p>§11.3: Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting, skjer nominasjon på årsmøtet i fylkespartiet. Ferdigstilling av lista kan delegerast til fylkesstyret.</p> <p>Komiteen føreslår dette endra til:</p> <p>§11.3 Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting, skjer nominasjon på årsmøtet i fylkespartiet, eller på eit nominasjonsmøte. Med mindre anna ordning er fastsett i lokal vedtekt, følgjer nominasjonsmøtet dei same reglane som årsmøtet i fylkespartiet. Ferdigstilling av lista kan delegerast til fylkesstyret.</p>	
Komiteens innstilling: Vedtas	

Forslagsnummer: V1100	Forslagstiller: Daniel Ducrocq
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Bergen Sør
Til Paragraf: § 11.3	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: dducrocq@broadpark.no
<p>Forslaget:</p> <p>Den første setningen i § 11 c, "Når det elles skal stillast ved val til Stortinget eller Fylkesting, skjer nominasjon på årsmøtet i fylkespartiet"</p> <p>endres til:</p> <p>"Når det stilles ved valg til Stortinget eller Fylkesting, innkaller fylkesstyre til nominasjonsmøte. Nominasjonsmøte skal varsles senest en måned før og sakspapirer skal være hos medlemmene senest en uke før."</p>	
Komiteens innstilling: Avvises til fordel for V1000	

Forslagsnummer: V1200	Forslagstiller: Hans Ødegård
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Bamble
Til Paragraf: § 11.3	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: hansodegard55@gmail.com
<p>Forslaget:</p> <p>§ 11 Nominasjonar</p> <p>Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting, kan nominasjon skje på årsmøtet i fylkespartiet. Ferdigstilling av lista kan delegerast til fylkesstyret.</p>	
Komiteens innstilling: Avvises til fordel for V1000	

Forslagsnummer: V1300	Forslagstiller: Per Medby
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Grünerløkka
Til Paragraf: § 12.1	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: per.medby@gmail.com
<p>Forslaget:</p> <p>Andre setning endrast til: "Høgt oppe på listene må minst annankvar kandidat vere kvinne".</p> <p>Grunngjeving: Slik det står no ("bør") kan det sjå ut til at det er slakkare krav høgt oppe på listene enn elles sidan første setning krev at det skal vere 50 prosent kvinner. Derfor dette presiseringsforslaget.</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V1400	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag:
Til Paragraf: § 13	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost:
<p>Forslaget:</p> <p>Nytt helhetlig forslag til Paragraf 13.</p> <p>§ 13 Disiplinærtiltak</p> <ol style="list-style-type: none"> Om ein medlem skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtektene, kan det setjast i verk disiplinærtiltak. Slike vedtak skal vere skriftlege med grunngjeving. Eksklusjon kan vedtakast av landsstyre, fylkestyre eller sentralstyre. Eksklusjon krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei stemmeberettiga. Ein ekskludert mistar alle sine rettar unntatt paragraf 2.5. Ekskluderte medlemmar har rett til å søke sentralstyret om nytt medlemskap. Åtvaring, tilbaketrekking eller suspensjon frå verv kan vedtakast av lokallag, fylkestyre eller sentralstyre. Disiplinærvedtak kan ankast i tråd med paragraf 2.5. 	
Komiteens innstilling: vedtas	

Forslagsnummer: V1401	Forslagstiller: Mari Eifring
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Sentralstyret
Til Paragraf: § 13	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag til forslag V1400	Epost:
Forslaget: Endre punkt 3 til: Åtvaring, tilbaketrekking eller suspensjon frå verv kan vedtakast av lokallagsstyre, fylkesstyre eller sentralstyre.	
Komiteens innstilling:	

Forslagsnummer: V1500	Forslagstiller: Hans Ødegård
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Bamble
Til Paragraf: § 13	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost: hansodegard55@gmail.com
Forslaget: § 13 Disiplinærtiltak Om ein medlem skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtektene, kan grunnorganisasjonen, landsstyret eller landsmøtet sette i verk disiplinærtiltak. Desse er: åtvaring, tilbaketrekking frå verv, suspensjon eller eksklusjon. Vedtak om disiplinærtiltak skal vere skriftleg med grunngiving. Eksklusjon kan berre gjennomførast av landsstyret eller landsmøtet og krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei stemmeberettiga på landsstyremøtet eller på landsmøtet. Eksklusjon vedteke av landsstyret kan ankast til landsmøtet. Den ekskluderte er suspendert til anka er behandla.	
Komiteens innstilling: Avvises til fordel for V1400	

Forslagsnummer: V1600	Forslagstiller: Per Medby
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Grünerløkka
Til Paragraf: § 13	Levert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Strykningsforslag	Epost: per.medby@gmail.com
Forslaget: Stryk "av dei stemmeberettiga på landsmøtet" Grunngjeving: Eksklusjon kan gjerast både av grunnorganisasjon og landsstyre, men den kan ankast vidare oppover. Det er vel rimeleg å kreve same kvalifiserte fleirtal i desse organa som på landsmøtet? (Altså 2/3). Derfor dette strykningsforslaget.	
Komiteens innstilling: Avvises til fordel for V1400	

Forslagsnummer: V1700	Forslagstiller: Mari Eifring på vegne av LS
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag: Landsstyret
Til Paragraf: § 13	Lvert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Tilleggsforslag	Epost: mari@roedt.no
<p>Forslaget:</p> <p>Sentralstyret har myndighet til å sette i verk følgende disiplinærtiltak: advarsel, tilbaketrekking av verv eller suspensjon.</p>	
Komiteens innstilling: Avvises til fordel for V1400	

Forslagsnummer: V1800	Forslagstiller: Vedtektskomiteen
Til Sak: 3. Vedtekter	Lokallag:
Til Paragraf: § 14	Lvert inn på vegne av laget:
Forslagstype: Endringsforslag	Epost:
<p>Forslaget:</p> <p>Avgjerder i Raudt skal takast i edru tilstand.</p>	
Komiteens innstilling: vedtas	

